

Sæle Sag As

Sæle 6

6899 Balestrand

Sogndal Kommune

Næringsfondet

## Prosjektnamn

Maskin for råstoff til pelletsproduksjon

## Type virksomheit

-Sæle Sag As er eit sagbruk og ein pallefabrikk med 15 personar direkte knytt til sin verksemd.

## Forretningsidé/mål og innhald med prosjektet

Ut frå signala som er komt ang at vi må gå i ein meir grøn retning har vi fått ein ide om å laga råstoff til pelletsproduksjon av våre biprodukt i staden for å lage råstoff til avisopapir. Som alle ser så går vi mot ein meir digital kvardag der bruken av papir vil avta.

Dette prosjektet vil vera veldig positivt for skogbruket i Sogn, og det kan genere fleire heilårs arbeidsplassar der.

Ut frå dette så jobbar vi med eit prosjekt der vi vil konstruere ei maskin som lagar dette i produksjons prosessen vår når vi sagnar tømmer til palleproduksjon. Ut frå estimat så kan vi få fram råstoff til ca 1500 Tonn pellets pr år med dagens produksjon.

Det vi ser føre oss er å starte på ein gradvis ombygging av sagene i September 2021. Og vi forventer at dette skal gå knirkefritt og med topp produksjon ut på vårparten 2022.

- for å snu seg rundt og sikre større råstofftilgang, og for å være med på det grønne skifte så driv vi med å få laga ei maskin som lagar sagflis for pelletsproduksjon av biprodukta, i staden for vanlig industriflis som alle sagbruk lagar i dag.

-marknaden for industriflis vil krympe etter kvart siden det blir meir og meir digitalisering, og forbruket av papir både til aviser og til å skrive på avtek.

-ein marknad som er i vekst er å lage pellets av tre for å erstatte kull i kullkraftverk som det er mykje av i verden.

- i Norge er det nå kommen ein fabrikk som lager dette, denne ligg i nærheten av Kongsvinger og får det meste av råstoffet sitt pr i dag frå Sverige.

-det er planar om fleire slike fabrikkar dei nærmaste åra og difor ser vi på dette som en spennande mulighet til å utnytta biprodukta på ein framtidsretta måte.

-det er aldri laga ei slik maskin som vi no prøver å til her i Balestrand.vi har fått utarbeid eit budsjett som eit utgangspunkt.

-fordelen med å laga sagflis av biprodukta er at da kan vi også sage Furu tømmer, I dag kan vi berre sage Gran pga at det er det einaste som dei kan bruke til papirproduksjon.

-da vil vi få ein større mulighet til å ta unna meir av tømmeret som blir hugget i sogn.

-her på Sæle sag så vil ein slik investering i første omgang gi rom for 1 – 2 fleire tilsette.

- får vi utvida produksjonsområdet vært her så blir det fleire tilsette som ein ringverknad av denne investeringa.

-Det er sæle sag som eig prosjektet, for å få dette til har vi henta inn kompetanse frå syd Sverige og frå eit firma på Østlandet som driv med ombygging og tilpassing av utstyr i blant anna sagbruksindustrien

Grunnen til at vi vil gjennomføre dette no er at vi ser behovet for å snu oss rundt for å skaffe oss meir konkurransekraft i ein tøff marknad. Vi må forvente at ting blir tøffare framover og det kan være mange etterdønningar av Corona pandemien. For å sette oss i førarsetet og ta kontroll i ein forventa tøff marknad så ser vi på dette tiltaket som både effektiviserande og miljøretta.

Det er og ein utfordring her i sogn at det ikkje er lokal avsetning av Furu tømmer. Med ein slik investering så er vi med og sikrar lokale skogeigarar ein mulighet til å selje dette tømmeret lokalt. Sliok kan dette prosjektet gi positive ringverknader i heile Sogndal kommune og dirtiktet rundt.

Slik det ser ut nå så kan planleggingen starta i April – Mai med start installasjon ut på seinhøsten 2021.

## Kostnadsplan og finansieringsplan

Ein føreløpig kalkyle er som følger

Kjøp av komponenter frå Sverige ca kr 950 000

Framføring av ny EI forsyning ca kr 250 000  
 Ombygging og tilpassing mekanisk ca kr 300 000  
 Tap av produksjon pga ståtid ca kr 300 000  
 Opplæring og igangkjøring ca kr 300 000

Tittel	2021	2022	Sum
Investeringar (samla med utgangspunkt i kalkylen)			950 000
Opplæring			300 000
Prosjektkostnad (ekstern kompetanse, eks. jafotek og tap av produksjon, ombygging)			850 000
Sum kostnad			2 100 000

Vi reknar med det blir mange barnesjukdommar ved denne monteringen, tilsette skal lærast opp og maskina skal tilpassast under delvis produksjon.

Tittel	2021	2022	Sum
Tilskot frå næringsfondet			400 000
eigenkapital			1 100 000
Eige arbeid			600 000
Sum finansiering			2 100 000

Finansiering tilskot frå næringsfondet kr 400 000  
 Eigenkapital kr1.100 000  
 Eige arbeid tatt over drifta 600 000

Kva dette totalt vil koste før det går knirkefritt er det stor usikkerhet knytt til, siden dette er første gang ein slik løysing blir prøvd ut.

Med helsing

Sæle Sag AS

Lars Trygve Sæle

959 49 567

